

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021

**Stian Davies, A**, sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt alternativt forslag til pkt 3:

«3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg i hovudsak til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Hovudutvalet vil leggje vekt på at tilskota frå fylkeskommunen til kultur, idrett og frivilligheit i det store og det heile er små summar, men betyr mykje for kvar enkelt aktør som mottar stønad. Difor er hovudutvalet oppteken av at salderingstiltaka i minst mogleg grad råkar tilskota som går ut til aktørane.»

**Stian Davies, A**, sette på vegner av A, V og SV fram slikt tilleggsforslag til pkt 4:

«4. Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering vil presisere at store deler av kulturpolitikken vedtas i budsjettet. Når da budsjettprosessen for 2022 er lagt opp til at fylkestinget vedtar rammene til hovedutvalget, og at hovedutvalget så vedtar detaljene i budsjettet, vil fylkestinget frarøves muligheten til å påvirke kulturpolitikken. I tillegg vil det få forvaltningsrettslige konsekvenser, hvor vedtak som tidligere ble fattet i budsjett uten klagerett, nå skal vedtas som enkeltvedtak i hovedutvalget. Hovedutvalget mener derfor at fylkestinget skal vedta budsjettet slik det er gjort for budsjettet for 2021, og hvor hovedutvalget får rett til å uttale seg løpende i arbeidet for kommende budsjett.»

### Avrøysting

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag til innstillinga pkt. 1 og pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Davies sitt alternative forslag til pkt. 3 vart samrøystes vedteke mot fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag som fekk inga røyster og fall.

Davies sitt tilleggsforslag til nytt pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

### Forslag til uttale

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2022.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2022- 2025.

3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg i hovudsak til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak. Hovudutvalet vil leggje vekt på at tilskota frå fylkeskommunen til kultur, idrett og frivilligheit i det store og det heile er små summar, men betyr mykje for kvar enkelt aktør som mottar stønad. Difor er hovudutvalet oppteken av at salderingstiltaka i minst mogleg grad råkar tilskota som går ut til aktørane.

4. Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering vil presisere at store deler av kulturpolitikken vedtas i budsjettet. Når da budsjettprosessen for 2022 er lagt opp til at fylkestinget vedtar rammene til hovedutvalget, og at hovedutvalget så vedtar detaljene i budsjettet, vil fylkestinget frarøves muligheten til å påvirke kulturpolitikken. I tillegg vil det få forvaltningsrettslige konsekvenser, hvor vedtak som tidligere ble fattet i budsjett uten klagerett, nå skal vedtas som enkeltvedtak i hovedutvalget. Hovedutvalget mener derfor at fylkestinget skal vedta budsjettet slik det er gjort for budsjettet for 2021, og hvor hovedutvalget får rett til å uttale seg løpende i arbeidet for kommende budsjett.